



## FORSKRIFT OM VATN- OG AVLØPSGEBYR

Vedteke i Ulstein kommunestyre K-sak 15/66 – den 24.09.2015 i medhald av lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3 og forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr av 10. januar 1995, sist endra 13. juli 2000.

### I. GENERELLE FØRESEGNER

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

1. Lov av 16.mars 2012 om kommunale vass- og avløpsanlegg
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Ulstein kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument
  - Gebyrregulativ for vatn og avløp
  - Hovudplan vassforsyning, godkjent 25.09.2014
  - Hovudplan avløp, godkjent 13.12.01

### §1 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta bestemmer utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstenestene kommunen leverer.

### § 2 VERKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen, sjå definisjon i § 3.

### § 3 DEFINISJONAR

- *Abbonent:*
  - Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), andelseigar og burettslag som er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsledning direkte eller gjennom privat stikkledning.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste.

For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad) kan det avtalast at ein annan enn festaren skal vere abonnent.

- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 27-1 og 27-2 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avløpsleidning.

- *Abonnementsgebyr:*

Den faste delen av årsgebyret, som skal dekke dei faste utgiftene til kommunen for vass- og/eller avløpstenester.

- *Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla):*

Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar:

- Arealet innanfor dei omslutta veggane i bustaden og
- Del av fellesareal som høyrer til bustaden, men som ligg utanfor dei omslutta veggane i bustaden.
- Garasje vert ikkje rekna med i det totale bruksarealet etter denne forskrift.
- Fiktive etasjar i høge bygg vert ikkje rekna med i bruksarealet i denne forskrift

For detaljar, sjå NS 3940.

- *Bruksendring:*

Med endring i bruken av eigdommen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.

- *Bueining:*

Bustad med eit eller fleire rom med separat inngang samt bad/WC og kjøkkendel.

- *Eingongsgebyr for tilknytning:*

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

- *Felles privat stikkleidning:*

Privat leidning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnett via felles privat stikkleidning.

- *Forbruksgebyr:*

Den variable delen av årsgebyret som vert betalt etter forbruk (målt eller stipulert).

- *Fritidsbustad/hytte:*

Fast eigedom med bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte.

- *Gebyrregulativet:*

Gebyrregulativet er namnet på den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet vert normalt oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

- *Næringsverksemd:*

Forretningsverksemd, industri mm.

- *Offentleg verksemd:*

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

- *Stipulert forbruk:*

Stipulert forbruk er forventta forbruk hos ein abonnent fastsett på basis av bygningsarealet.

- *Leveringsvilkår:*

Det vert vist til hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp.

- *Årsgebyr:*

Det samla gebyr som vert betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass- og/eller avløpstenestene i kommunen. Årsgebyret er samansett av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

## **II. VASS- OG AVLØPSGEBYR**

### **§ 4 GEBYRTYPAR**

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for mellombels tilknytning

### **§ 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING**

Lov om kommunale vass- og avløpstenester krev at det vert betalt eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/eller avløpstenester.

Eingongsgebyret vert betalt for eigedom der det står bygg, eller ved førstegangsoppføring av bygg på eigedom, som vert tilknytt offentleg vass- og/eller

avløpsnett. Eingongsgebyret vert sendt ut i samband med første igongsettingsløyve / løyve til tiltak for alt som rammeløyvet omfattar.

Eingongsgebyret vert differensiert etter fylgjande brukarkategoriar:

Næring: Næringseigedomar, offentlege verksemder betalar eingongsgebyr etter bruksareal.

Sameige Sameige med fleire enn 4 bueiningar og burettslag betalar eingongsgebyr etter bruksareal.

Større utbyggingsfelt: Større utbyggingsfelt betalar eingongsgebyr etter bruksareal der det er fleire enn 4 bueiningar pr gnr og bnr.

Bustad: Øvrige abonnentar betalar eingongsgebyr som eit fast beløp, uavhengig av areal.

Storleiken på gebyret vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *gebyrregulativet*.

Kommunen kan fastsetje avvikande eingongsgebyr for tilknytning dersom det vert ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta.

## § 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyret for både vatn- og avløpstenester skal betalast av alle abonnentar og er samansett av to delar:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr

Samla abonnementsgebyr for kommunale vasstenester og avløpstenester skal dekkje dei forventa faste årsutgiftene knytt til høvesvis vasstenester og avløpstenester i kommunen. Resten vert dekt gjennom forbruksgebyret.

Årsgebyret skal reknast frå og med at mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve.

Om bruksløyve / ferdigattest ikkje er gjeve eller kravd, skal årsgebyret gjelde i frå det tidspunktet at eigedomen er teken i bruk.

Årsgebyra for eigedomen vert utrekna for heile eigedomen samla. For bustadhus og fritidseigedomar o.l. skal det likevel bereknast årsgebyr for det einskilde bygg, der det er fleire bygg på same eigedom. Det skal også bereknast eige årsgebyr for kvar seksjon, og for kvar andelsleiligheit, der bygningar er delt opp i slike einingar.

Abonnenten er sjølv ansvarleg for at det arealet kommunen har registrert stemmer overeins med bustaden sitt faktiske bruksareal. Eigedomar som kommunen ikkje har opplysningar om bruksarealet for, vert plassert i gruppe 2.

For bustadhus med 5 eller fleire bueiningar, kan kommunen krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert normalt fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *gebyrregulativet*.

## ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyret vert differensiert etter brukarkategori. Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler ein like stor fast sum, som går fram av *gebyrregulativet*.

Næring: Næringseigedomar, offentlege verksemder skal betale eitt abonnementsgebyr.

Sameige: Sameige og burettslag skal betale eitt abonnementsgebyr for kvar bueining.

Bustad: Øvrige abonnentar skal betale eitt abonnementsgebyr pr bustad/fritidsbustad.

## FORBRUKSGEBYR

Alle næringseigedommar, offentlege verksemder, skal betale forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>. Sameige med fleire enn 4 bueiningar kan betale forbruksgebyr basert på målt forbruk. Forbruket vert målt med installert vassmålar.

Andre abonnentar betalar forbruksgebyr etter satsane i gruppe 1, 2 eller 3 basert på utrekning av bruksareal BRA i samsvar med NS 3940.

Det er delt opp i fylgjande grupper:

Gruppe 1:	BRA <150 m <sup>2</sup>
Gruppe 2:	BRA 150 – 299 m <sup>2</sup>
Gruppe 3:	BRA ≥ 300 m <sup>2</sup>

Satsane i dei forskjellige gruppene er rekna ut i forhold til *stipulert forbruk*, nærare beskrive i *gebyrregulativet*.

Abonentane kan også velje å betale etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>.

Fritids/hytteabonnentar som betaler etter stipulert forbruk kan få beløpet redusert i forhold til forventa brukstid. Forventa brukstid vert sett som ein del av året etter følgjande modell:

- Utleiehytter:    Brukstid = <50 % av året

- Andre hytter/fritidshus:    Brukstid = <50 % av året

Dvs. at med ei brukstid på under halve året, kan fritids/ hytteabonnentar få *forbruksgebyret* halvert.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengd vert rekna lik vassmengda, sjå likevel § 8.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk.

## § 7 VASSMÅLAR

Reglar for installasjon, bruk og leige av vassmålar vert bestemt av kommunen.

- Målaren er kommunen sin eigedom og sjølve målaren kostast av kommunen. Kommunen vil bestemme type, samt gje føringar for plassering og storleik av målaren, tilpassa forbruket.
- Den avgiftspliktige skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og kontroll. Vert målaren borte eller skada, skal eigaren omgåande melde dette til kommunen.
- Installasjon av vassmålar skal utførast av rørleggar eller installatør godkjent av kommunen.
- Utgifter til installasjon eller eventuell flytting av målaren skal belastast den avgiftspliktige.
- Dersom eventuelle feilmålte mengder ikkje kan utreknast tilstrekkeleg nøyaktig, skal avgifta justerast for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av den næraste avlesingsperioden før feilen har oppstått, og etter at den er utbetra.
- For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles dei tekniske reglane i kommunen
- Kommunen kan krevje årsavgifta fastsett etter stipulert forbruk heile året når målaren har vore ute av funksjon av tekniske grunnar.
- Der vassmålar er montert skal forbruket utreknast etter målt forbruk.

Kostnader for installasjon, drift, avlesing m.m. skal betalast av abonnenten. Pris for leige av vassmålar går fram av *gebyrregulativet*.

## § 8 AVVIK I ÅRSGBYRET

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslepp).

For næringsverksemd og offentleg verksemd der samansetjinga av avløpsvatnet skil seg ut frå vanleg husholdningsavløp og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avløpsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Tilhøve som gir grunnlag for reduksjon i gebyra går fram av *Leveringsvilkår* i kommunen.

## § 9 MELLOMBELS TILKNYTING

Med mellombels tilknytning meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.

Brukar av bygget/anlegget skal betale abonnementsgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, og forbruksgebyr etter målt forbruk i samsvar med avrekning i tida tilknyttinga er operativ.

Ein skal ikkje betale eingongsgebyr for tilknytting, men alle kostnader ved tilknytting og fråkopling blir belasta brukar av bygget/anlegget.

## § 10 PÅLEGG OM UTBETRING

Kommunen kan gje abonnenten pålegg om utbetring av eige avløpsanlegg innan ein gjeven frist, jf. Forureiningslova § 7. Etter Forureiningslova § 73 kan ein gje forureiningsgebyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut. Om den ansvarlege ikkje etterkjem pålegget, kan kommunen sørgje for iverksetjing av tiltaka, jf. Forureiningslova § 74.

Kommunen kan oppmode abonnenten å utbetre eige vassforsyningsanlegg innan ein tidfest frist som grunnlag for å fastsetje vassforbruket. Om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut, vert vassforbruket fastsett av kommunen.

For tilknytningar frå ein abonnent til hovudvassleidning som må skiftast / utbetrast, skal abonnenten bere all kostnad med graving, anleggsarbeid og tilstelling. Kommunen ber kostnaden med rørleggararbeid og røymateriell på tilkoplinga.

## § 11 INNBETALING AV GEBYR

Abbonnten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknytning til abonnenten samstundes som igangsettingsløyve / løyve til tiltak vert gitt, og for alt som rammeløyvet omfattar, eller når eksisterande bygg vert tilknytt kommunal leidning.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert kravd inn på felles faktura og vert fordelt over to terminar pr. år.

Gebyr for mellombels tilknytning og tilleggsgebyr vert fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk vert gjort ein gong i året. Forbruksgebyret vert betalt à konto i 2.termin basert på forbruket for fjoråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring finn stad.

Etter søknad på etterskot kan hus på eigedomar som ikkje har vore bebudd 6 månader eller meir i strekk, få fritak for forbruksgebyret, jf. § 6. Ved fysisk fråkopling frå kommunalt nett kan det gjevast fritak for også abonnementsavgift. Kostnadar ved fråkopling og eventuell ny tilknytning dekkjast fullt ut av abonnenten.

**For hus på eigedomar som er permanent ute av bruk eller berre nytta som fritidsbustad skal eigedomen få fritak for forbruksgebyret. Til desse eigedomane vil det verte utsendt statusskjema for eigedomen kvart 3. år. Eigar plikter likevel å gi melding til kommunen ved endring av status.**

### **III. AVSLUTTANDE FØRESEGNER**

#### **§ 12 INNKREVJING AV GEBYR**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter "Lov om pant" § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

#### **§ 13 VEDTAKSMAKT**

Vedtak etter denne forskrifta vert fatta av kommunen etter gjeldande delegasjonsreglement.

#### **§ 14 KLAGE**

Avgjersle etter forskrifta som er enkeltvedtak, følgjer kap. IV-VI i forvaltningslova, og kan påklagast. Klagen vert send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra er forskrift og vert vedteke av kommunestyret, jfr. kap. VII i forvaltningslova.

#### **§ 15 IVERKSETJING**

Forskrifta trer i kraft 01.01.2004 Revidert forskrift trer i kraft 01.01.2016